

Sjå mottakarliste

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR.....	J.NR.....
19 NOV 2012	
EMNEKODE:.....	
OBJEKTkode:.....	
SAKSH:.....GRADERING.....	



Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 06/02029-

15.11.2012

Ark.: 326.12

## Namn på tunnel på Fv48 ved Tysse i Samnanger kommune

Me syner til vedlagde brev datert 29.10.2012 frå Statens vegvesen. I samråd med Samnanger kommune vert det gjort framlegg om namnet *Tyssetunnelen*. Sia dette gjeld tunnel på fylkesveg er det fylkeskommunen som har vedtaksmynde for skrivemåten.


Namnet byggjer på det godkjende primærnamnet Tysse. Tidlegare er det gjort vedtak for avleiingar som Tysseland og Tysseelva. På dette grunnlaget kan skrivemåten av det aktuelle tunnelnamnet truleg fastsetjast ved forenkla rutine når Stadnamntenesta har gitt uttale.

Me ber om at Stadnamntenesta sender si tilråding direkte til Hordaland fylkeskommune.

Ved kopi av dette brevet til Hordaland fylkeskommune minner me om vårt brev datert 26. april 2012 om skrivemåten av 37 bru- og tunnelnamn i Samnanger kommune.

Grunna manglande rapportering i andre saker, jamfør diverse etterlysingar, vil me og minna Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om at melding om avgjerda og nødvendige koordinatar skal sendast til Kartverket for registrering i Sentralt stadnamnregister.

Med helsing

  
Kjetil Gjesdal  
fylkeskartsjef

Åmund Fykse  
stadnamnansvarleg

Vedlegg: Brev datert 29.10.2012 fr Statens vegvesen

Adressat	Kontaktperson	Adresse	Post	Mottakar/kopi
Stadnamntenesta på Vestlandet		Språkrådet Stadnamntenesta på Vestlandet LLE UiB Postboks 7805	5020 BERGEN	Mottakar
Statens vegvesen Region vest	Kari Veseth Kinden	Askedalen 4	6863 LEIKANGER	kopi
Samnanger kommune		Tyssevegen 217	5650 TYSSE	kopi
Hordaland fylkeskommune		Boks 7900	5020 Bergen	Kopi